
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: 15. desember 2016 13:26
Til: 'Benedicte.Hammersland@bergenkp.no'
Emne: Vedr. spørsmål om bygging på gbnr. 54/79

Hei

Eigedomen dykkar er uregulert, men satt av til noverande bustadbebyggelse i arealdelen til kommuneplanen. Dette inneber at det kan førast opp mindre bygningar i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 20-5 utan å søkje på førehand. Slike mindre bygningar er bl.a frittliggjande bygning på bebygd eigedom som ikkje skal brukast til varig opphald, og der samla bruksareal eller bebygd areal er over 50 m². Maks mønehøgde 4 meter og maks gesimshøgde 3 meter. Tiltaket kan plasserast inntil 1 meter frå nabogrensa, men må ikkje plasserast over leidningar i grunnen, jf. byggjesaksforskrifta § 4-1 bokstav a).

Utnytingsgrada for tomten må ikkje bli over 30 % BYA, jf. kommuneplanen.

Sjølv om ei bod i samsvar med det ovannemnde ikkje er søknadspliktig, må de i dykkar tilfelle avklare med Statens vegvesen om de kan byggje nærare fylkesvegen enn 50 meter, som er byggjegrensa fastsatt i veglova § 29 andre ledd.

Viss de får løyve frå Statens vegvesen til plasseringa og de fører opp boda, må de, når boda er ferdig oppført, informere kommunen om tiltak og plassering, slik at kommunen kan oppdatere kart- og matrikkeldata.

Håper dette gav svar på det du lurte på. Viss ikkje må du gjerne ta kontakt att.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

